



Løvedansen er Arnardos trumfkort i denne sesongen.

Endeleg kan Cirkus Arnardo servera publikum ein to tusen år gamal tradisjon, kinesisk løvedans. Om ei

veke, torsdag 10. mai skjer det på Rabben Camping i Uskedalen, dit sirkuset no kjem for det som truleg er 25. gong. Dette er ein kultur kineserane har halde hellig i generasjonar.

Arnardo har i 21 av sine 59 år vore landets fremste arena for kultur frå Kina. Cirkusdirektør Arild Arnardo meinte at tida var moden til å henta løvedansen hit. Like overtydd var han om at publikum ville vera einig, noko godt over 4000 stadfesta under sesongpremiera i Arendal.

Dansen er eit fyrverkeri i vakre fargar, presisjon og akrobatiske prestasjonar utførde av Ji`nan Acrobatic Troupe. Truppen, som består av åtte unge menn, er heidra med en rekkje store prisar i nasjonale og internasjonale konkurransar.

. Nokre nordmenn har kanskje hørt om kinesisk løvedans, men få har opplevd den. Sjølv om dette er fleire tusen år gamle tradisjonar er løvedans heilt nytt i Noreg.

I Kina er løva ein majestet. Den er i folketradisjonen å sjå på som ein lykkebringer. Difor er det ikkje unaturleg at kineserane har dyrka dette majestetiske dyret med ein løvedans. Under Tang-dynastiets Kina vart dansen utvikla til å bli ein akrobatisk dans med presisjon og imponerande akrobatiske stikk som hovudelement, ved sida av det vakre og grasiøse.

Men det skjer også mykje anna. i sirkuset.

Klovnen Jimmy, kjem med spilloppar allereie før framsyninga startar..

Gärtners viltre ponnier skaper liv og røre i manesjen, og med Duo Acrobalance sit du attende med spørsmålet: Korleis får dei det til?

Styrke er og eit stikkord når Truppe Slipchenko har sitt nummer på russisk barre.

Arnardo er for mange einsbetydande med illusjonar og avansert trylling. Cirkuskongen Arne Arnardo var landets store illusjonist, ein arv barnebarnet Are saman med si hustru Paolina igjen har brakt inn

Duo Peris utfordrar sentrifugalkrafta med rulleskøyter på ein liten plattform.

Høge hastigheter er tema også når Ji`nan Acrobatic Troupe ein gong til entrar manesjen.

Sjarm har de i pose og sekk, Beljakov`s hunder.

Eleganse i et fargerikt univers står Natalia for.

Eleganse finn vi også høgt under cirkuskuppelen: Trio Wozniowski utfordrer elementa til det ytterste..

Og sjølv sagt er elefantane med. Familien Gärtner har eit utroleg samspel med sine to tungvektarar.